

# FORELDREINFO SEPTEMBER 2025



## FAU/SU

Møte i FAU var 24.09.25. De finn referatet på nettsida.

Første møte i SU blir den 22.10.

## Utdeling av Paracet

Skulen deler ikkje ut smertestillande til elevar utanom i heilt særskilte tilfelle og etter avtale med heim.

Om eleven treng å ha dette tilgjengeleg, så lagar de avtale med den enkelt kontaktlærer om å senda dette med heimanfrå

## Fiskesprell

Vikeså skule deltek i fiskesprell kvart år. I år har mat og helselærarar vore på vidareutdanning knytt til tema fisk i undervisninga. Mange gode idear til nye undervisningsopplegg for elevane.



## BliMe-dans

Vikeså skule har i alle år dansa BliME dansen for å markera arbeidet me gjer for å vera tolerante og inkluderande overfor kvarandre. Også i år var 1.-10.trinn med i kjeck dans i nokså godt Rogalandsvær. Takk til jenter på 8.trinn som leia dansen!



September er snart over, og me nærmar oss haustferie. I veke 43-44 blir det heim-skule samtalar på barnetrinnet, og i veke 45 blir det samtalar på ungdomstrinnet. I samband med samtalaner ber me dykk fylla ut trivselsundersøking. Denne skal fungera som eit lågterskeltilbod for å kunne sei frå om det er noko som gjer skuledagen til elevane mindre trygg og god. I samråd med kontaktlærer kan de då bli einige om korleis ein ev. skal handtera dette vidare. For skulen er dette utruleg viktige samtalar, og me håper de føresette og ser nytta av å få 30 min i lag med kontaktlærer.

Ønsker dykk alle ein god ferie veke 41!

Mvh

*Svanhild Gjødrem*

rektor

